

# KYRKJEKONTAKTEN

NR.4 — 2025 · 51. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM



**s. 2-3**  
**Inspirerende  
visitas**



**s. 14**  
**Opning av minnelund  
i Knarvik**



Biskop Ragnhild Jepsen flankert av prestar, organistar, kateket, soknerådsleiarar, kyrkjeverje og leiar i Fellesrådet etter visitasgudstenesta i Knarvik kyrkje.

# Kyrkja skal vera ein truverdig medvandrar i lokalsamfunnet

Tekst og foto: Arthur Kleiveland og Håkon Glatved-Prahl

**– Inntrykka er overveldande. Det har vore fine dagar her i Alver. For meg har det vore spennande å sjå og oppleva alt det positive som skjer i kyrkja sin regi.**

Det er oppsummeringa til biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen, etter visitasdagane i Knarvik sokn og Lindås sokn i slutten av oktober.

Og det var eit tett program biskopen vart servert i begge sokna. Ho var mellom anna innom alle dei fire kyrkjene i Knarvik sokn, hadde samtale med alle prestane, møtte ordføraren og kommunedirektøren i Alver, var på skulebesøk, besøkte NMS Gjenbruk, fekk presentert kva Lyngheisenteret har å tilby, før det heile vart avrunda med visitasgudsteneste i Knarvik kyrkje – som attpåtil var ei familiegudsteneste.

– Det er inspirerande for meg som biskop å få oppleva alt det gode arbeidet som skjer her i bygdene. Eg er blitt møtt med forventning over alt. Ikkje berre ei forventning om kva eg kan bidra med, men ei forventning om kva vi kan få til i fellesskap. Korleis vi gjensidig kan inspirera kvarandre for det framtidige arbeidet.

## På historisk grunn

På ei kveldssamling i Knarvik kyrkje møtte biskopen medlemene i soknerådet i dei to sokna. Under prost Helge Taranrød si leiding vart det presentert og utveksla idear for gudstenestelivet, korleis få fleire frivillige med på dei mange aktivitetane som skjer, og korleis utvikla arbeidet med born og unge.

Eit besøk på Håkonshaugen på Seim var også på programmet. Der orienterte Marit Konglevoll biskopen om historia frå Håkon Haraldson si tid. Og at Håkon Den Gode truleg er gravlagd der. Etterpå bar det inn i Borgstova og til slutt innom Seim kyrkje.

Seinare på dagen drog føljet, bestående av sokneprest Cathrine Grutle, prost Helge Taranrød og biskopen vidare til Lygra og Lyngheisenteret.

– Lygra var heilt nytt for meg. Det var flott å koma inn i kyrkja og deretter få oppleva Lyngheisenteret. Når du er på Lyngheisenteret, forstår ein verkeleg korleis folk har levd opp gjennom tidene, frå 5000-6000 år sidan og fram til vår tid. Det å få ei innføring i korleis folk lever, bur og trur, gjer alltid inntrykk, seier biskopen til kyrkjebladet sin utsende.



Eit samansett barnekor av NONSTOP, SingSingeling og SingOut glede med sin flotte song og bevegelser.

### Opp til munnleg eksamen

Biskop Ragnhild var også opp til «munnleg eksamen» på eit par skulebesøk. På Lindås var det elevar i 1.-4. klasse som sette biskopen på prøve med sine mange gode spørsmål. Her fekk ho også møta barnekolet NONSTOP, som har øving på skulen i SFO-tida.

Og nettopp «nonstop» kunne vera overskifta på biskopen sitt omfattande visitasprogram.

Ho fekk også eit møte med 10. klassingane på Knarvik ungdomsskule.

- For ein gjeng kloke og reflekterte ungdommar de har. Det er alltid inspirerande å møta dei, og kjekt å sjå kor opptatt dei er av både tru, vitskap og religionsdialog, sa biskopen i visitas-føredraget.

Ho ser det som eit teikn på tillit at biskopen og følget får koma inn i skulane.

- Det tyder på at dei tilsette i stabane som har dette området som sitt ansvar, gjer det med kompetanse og kløkt, og bygger gode relasjonar.

Ho fekk stadfesta at det er eit godt og tillitsfullt forhold mellom kyrkje og skule, både på Lindås og i Knarvik.

- Samtalen med rektor på ungdomsskulen gav innsikt i utfordringar som også er kyrkja sine, og desse må de ikkje leggja bort, men samtale om også i tida som kjem, seier biskopen.

### - Mykje å bidra med

Ho er opptatt av kyrkja si rolle som verdiberar og



Marit Konglevoll orienterte biskop Ragnhild Jepsen, prost Helge Taranrød og sokneprest Cathrine Grutle om Håkonshaugens historie på Seim.

kulturberar, men òg av kyrkje si rolle knytt til beredskap.

- Der har vi mykje å bidra med, og det blir godt motteke, seier biskopen etter møte med kommuneleiinga i Alver.

Ho rosar både Knarvik og Lindås sokn for satsinga på barn og unge, og ho framhevar mellom anna followme-nettverket, der ungdommar gjer ein viktig innsats som leiarar i barne- og konfirmantarbeidet i sokna.

Björgvin-biskopen kom med følgjande utfordring:

- Ver frimodige og tenk korleis de kan vere truverdige medaktørar som kyrkje i lokalsamfunnet.

Biskopen er også glad for satsinga på frivillige – dei frivillige er nøkkelen til framtidens kyrkje, slår ho fast.

- Vi som høyrer til her kjente oss sett og stadfesta i det vi held på med. Naturleg nok inneheld visitasføredraget nokre utfordringar til oss: Møte utfordringane mange unge kjenner på, delta aktivt i beredskapsarbeidet i kommunen, styrka det frivillige arbeidet og arbeida vidare med å finna ein god rytme på gudstenestelivet som er i tråd med dei ressursane vi har. Dette vil verte følgt opp i tida som kjem, seier prost Helge Taranrød.

### Byen er Bergen og laget er Brann

Under samtalen i “Kvilepuls”-samlinga i Lindås kyrkje vart biskopen spurt om kva det beste er med å bu i byen.

- Det er jo å vera nabo til strilelandet, svara ho, og la raskt til:

- Byen er Bergen og laget er Brann.



# Ho forskar på seg sjølv – og elsker å jobba med barn og unge

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

I kyrkjeleg samanheng presenterer ho seg gjerne som «kristne Kristin frå Kristiansand».

- Det gjer det ofte lettare for folk å hugsa kva eg heiter, seier Kristin Gilje Vestbøstad, som er den nye kyrkjelydspedagogen i Knarvik sokn.

Då ho var tre år, kom Kristin med i familiekoret i Langenes arbeidskirke, og sidan den gong har ho sunge i kor. Mora har fortald at ho «lalla» seg sjølv i søvn som liten baby.

No syng 26-åringen barnesongar for liten og stor på babysong i Knarvik kyrkje. Ho er også engasjert i fredagsklubben for 5.-7. klasse og eit nystarta tilbod på 8. trinnet, som fyller eit tomrom i trusopplæringa før konfirmasjonstida.

- Vi skal vera ei kyrkje for alle. Då må vi vera gode på tilbod til barn og unge, seier Kristin, som føler seg godt tatt imot i kyrkjelydane våre. Ho ser også kor utruleg viktig det er å få rekruttert fleire frivillige til aktivitetar i kyrkja.

- Vi treng mange frivillige for å vera gode på tilbod til barn og unge og på sikt få utvikla fleire aktivitetar, seier ho.

## **Babysong - ein flott møteplass**

Kristin synest babysong er ein flott møteplass for små og store.

- Det er fint at foreldre kan bli kjend med andre i same situasjon og oppleve at det er kjekt å koma hit, seier Kristin. Ho er opptatt av at alle, uansett tru, skal kjenna seg velkomen på babysong i kyrkja.

## **Sin andre heim**

For Kristin har kyrkja vore som ein andre heim.



Kristin elsker song og musikk. For tida studerer ho master i musikk- og ensembleledelse, i tillegg til jobben som kyrkjelydspedagog i 60 prosent stilling.

- I kyrkja har eg følt meg trygg, sett, velkommen og glad, seier ho.

Som kyrkjelydspedagog ønsker ho å vera med på å invitera inn til ei kyrkje med låg terskel, der barn og unge kan kjenna at dei får høyra til. Ho vil møta dei som ein trygg vaksen, leika og ha det kjekt saman med dei og leggja til rette for at dei får høyra og læra om Jesus, seier Kristin.

På vidaregåande gjekk Kristin musikklinja. Så var ho eit år på Hald internasjonale skole og lærte om tverrkulturell kommunikasjon og internasjonalt arbeid og samarbeid. Det vart også eit år på friluftslinja på Nordfjord folkehøgskule.

Den nye kyrkjelydspedagogen, som eigentleg er oppvaksen i Søgne - ei sørlandsperle midt mellom Kristiansand og Mandal - flytta til Bergen i 2020. Her tok ho bachelor som faglærer i musikk ved HVL. Alt første veka her møtte ho ein kjekk bergensar som ho gifta seg med sommaren 2023, og dei bur no i Åsane.

## **Forskar på seg sjølv**

For tida studerer ho master i musikk- og ensembleledelse ved Nord Universitet i Levanger, i tillegg til jobben som kyrkjelydspedagog i 60 prosent stilling. Som del av masterprosjektet sitt skal Kristin komponera musikk for piano og forska på sin eigen kunstnariske prosess undervegs.

- Ingen har forska på meg før, seier ho med eit smil. Samtidig får ho undervisning i komponering for scene, film og tv, og gleder seg over å få fordjupa seg i dette.



**OPTIKER I KNARVIK**  
**-Bestill synsprøve nå!**  
**RING 56 35 14 66**

# Frå kyrkjebenken

Tekst: Turid Bergsagel Hølleland

Vi møter Olav Holme Fykse på kyrkjebenken i Ostereidet kyrkje en dag i oktober:

Det er ein nydeleg søndag. Ute skin sola, vinden løftar blada vekk frå opphavet sitt og let dei dette ned på bakken. På jorda. På kyrkjegarden. Inne sjekkar vikarierande kyrkjetenar Olav lyd og lys, blomane vert sett på alteret, nattverdbegera vert sett på plass, og dei levande lysa er tent på lysgloben og på alteret.

– Kor lenge har du /de vore aktiv i kyrkjelyden?

– Eg er oppvaksen i Osterfjorden sokn og har vore med frå eg var liten. Då eg var gamal nok, byrja eg å gå regelmessig på fredagskafeen her på Ostereidet. Det var kjekt. Fredagskafeen er verkeleg ein fin møteplass for ungdom.

No er eg innom jamleg på arrangement som konsertar og sånn. Ikkje så mykje på gudstenester nå. Men eg har eit nært forhold til kyrkja. Heilt frå eg var liten gut og til nå. Eg har og familie på begge sider som er prestar.

– Kva set du/de mest pris på ved kyrkjelyden vår?

– Det er menneska. Den opne og fine måten dei møter meg og andre på. Og for meg er kyrkja ein god plass å vera. Både i sorg og i glede. Og der eg opplever at Gud er til stades. Eg kjenner meg ivareteken, utan at eg treng å forklåre og fortelja. Eg kan berre vera. Gjennom gamle songar og rituala som alltid har vore og som er utan slitasje. Som ein vibrasjon, så å seie. Og som er umerkeleg og evig. Og større enn seg sjølv. Noko sånt. Eg har særleg kjent på det både ved vigsel og i gravferd.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

– I kyrkja kan eg vera i kontakt med noko større enn meg sjølv, eg kan vera der med heile meg og med dei kjenslene eg har, akkurat der og då. Og det å vera til er nok. Det er eit felleskap.

– Har du ei salme eller song du er glad i?

– Ein salme eg er spesielt glad i, er «Blå salme». Den var bestefar så glad i òg. Eg lyttar mykje til musikk i bilen og for tida likar eg å høyre på «Leave the Door Open» av Bruno



Mars. Songane hans rører ved kjenslene mine og treff noko i meg. Eg har eigentleg kjent til musikken hans sidan eg var liten, men no i det siste har både tekstane og tonane liksom opna seg meir for meg. Det er litt slik med salmar og songar i kyrkja òg – dei er kjende, men plutselig kan dei opne nye rom. Eller dører, for å seie det med Bruno Mars!

– Kva kjenneteikner ein god kyrkjekaffi?

– Ein god kyrkjekaffi for meg er triveleg prat og god stemning. Ein plass der eg møter folk eg har kjent lenge, og der praten går lett. Under gudstenesta har eg vore til stades og fokusert – på musikken, rituala og det åndelege. Då er kyrkjekaffien ei fin avrunding. Det kjennest som å lande etter ei fin oppleving, og berre få slappe av i fellesskapet.



# Dei små menneska – mest gleder og ein del strev

Tekst: Arthur Kleiveland og Anne Sofie Uthaug

I jula feirer vi at Gud vart menneske, då Jesus vart fødd inn i ein heilt vanleg familie. Ein heilt vanleg liten gut som også var Gud. Men som fekk ein ganske tøff start på menneskelivet, under enkle forhold og med flukt til Egypt like etterpå.

Redaksjonen er nysgjerrig på korleis det er å vere foreldre til små barn eller babyar i vår tid. Så vi inviterte oss med på babysang på Kyrkjetoget på Frekhaug.

## Første gong

Julie Sundt og Frederick Ludviksen er førstegangs foreldre til vesle aktive Matheo. Han var svært så ivrig med i sangstunda på Kyrkjetoget. Å få sitt første barn var ei stor oppleving, fortel pappa Frederick. – Alt er nytt, på førehand var eg veldig spent, men det har blitt mindre vanskeleg enn eg tenkte. – Gledene er så mange og så store at det er vanskeleg å finne ord, seier Julie. Det er så mykje gøy og spennande, det skjer ting heile tida. Å sjå det vesle mennesket og få lov å vere med og forme det, det er ei stor glede.

Samtidig er det slitsame sider, fortel dei. – Det blir mindre søvn. Ein kan sakne litt tid åleine og kunne gjere ting utan all den tilpassinga. Det kan vere vanskeleg å kome seg ut av døra, det er mykje å ta omsyn til med eit lite barn. Vi var jo friare før. Men gleda er så mykje større!

Renate Eidsvåg Håland er også mor for første gong - til Elias på 10 månader. – I starten var det ei blanding av gleder og sorger, fortel ho. – Keisarsnittet førte til at pappaen måtte tre til mykje meir. Eg hadde ønskt vi kunne delt meir på det då. Ammeproblem hadde vi også. Men samtidig var gledene store, familie og venner omkransa oss, og eg var heldig og hadde mange å prate med. På helsestasjonen fekk eg vite om babysang, og Elias trivst så godt her. Han vil helst det skal skje ting, så vi er mykje ute. – Eg skal snart tilbake i jobb etter forlenga permisjon, og grugleder meg. Eg slit litt med å skulle gje frå meg ein del av ansvaret, seier Renate.



Renate og Elias på Babysang. Foto: Anne Sofie Uthaug

– Babysangen har vore verdifullt for oss, Elias har etter kvart blitt van med andre babyar, og det er godt for meg også å få snakke med andre.

## Ikkje krevjande heile tida

– Klart det kan vera litt hektisk til tider å vera småbarnsforeldre, men slett ikkje like krevjande heile tida, seier trebarnsfaren Samuel Aylmer.

Samuel bur i Holmemarka saman med kona og barna David (5 år), Rasmus (3 år) og Dina (15 mnd). Her trivst dei godt, landleg og med kort veg til Frekhaug.

Samuel synest det er fantastisk flott å ha barn. 33-åringen fortel at ein spontabort før dei fekk sin første, skapte litt spenning knytt til ny graviditet. Men alt gjekk fint.

– Så lenge det berre var oss to, var jo alt enkelt, og me kunne gjera det me ville. Det vart sjølvstøtt ein annan situasjon og andre omsyn å ta då David vart fødd. Då var det han som styrte kvardagen, men eg opplevde at det gjekk veldig greitt, seier Samuel.

Eldstemann kom til verda under korona-tida. Det gjorde at ingen andre enn pappa fekk koma på besøk til mor og baby på klinikken. Og då Samuel sine foreldre kom på norgesbesøk, var første møte med David på ein parkeringsplass på Kokstad. Ei rar oppleving han håpar ikkje skjer igjen.

## Sleit med mjølke-allergi

Litt meir utfordrande vart familie-situasjonen då barn nummer to kom til verda. Rasmus sleit nemleg med

mjølkeallergi, som krevde meir oppfølging. Han er for lengst kvitt allergien.

- Frå to til tre barn var ikkje den store overgangen for familien. Med to barn fekk me jo endå meir erfaring, så me stoppa ikkje der, seier han. Samuel seier det ikkje er utenkjeleg at det kan verta endå ein familieauke etter kvart.

Me møter pappa og dei to yngste barna på babysong. Dette er eit tilbod alle tre barna i tur og orden har hatt stor glede av. Som engelskmann er det te i koppen, sjølvsagt tilsett mjølk.

Maria har denne gongen tatt eitt års permisjon. Familien måtte difor spare kapital i forkant for å ha råd til ubetalt permisjon. Maria er i jobb igjen, og Samuel skal tilbake i jobb i desember.

- Arbeidsgjevar legg til rette for pappapermisjon på ein god måte, seier han.

Samuel er veldig fornøgd med tilbodet til småbarnsforeldre her i landet. Han trur det er meir krevjande i England, der barnehage-tilbodet ikkje er like godt utbygt.

Familien er også glad for å vera med på småbarnstreff på Frekhaug bedehus og på Tveit bedehus.

Dei to eldste barna går i Leiketun barnehage, og frå desember vil alle tre gå i same barnehage fram til eldstemann begynner på Vestbygd skule.

- Det er jo veldig praktisk med tanke på levering og henting, seier Samuel Aylmer.



Samuel med borna Rasmus og Dina.



Julie og Frederick på Babysang. Foto: Arthur Kleiveland

	<b>EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE</b>
	Torvhusmyrane 6 Nordhordland Næringspark 5913 Eikangervåg
	
	Tlf: 56 34 24 30 E-post: post@helland-elektro.no www.helland-elektro.no Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

<b>Knarvik Blomstestove</b>	
Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø	
Tlf: 56 35 62 20 – <a href="http://www.knarvikblomstestove.no">www.knarvikblomstestove.no</a>	

	<b>NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ</b>	Ditt lokale gravferdsbyrå
ALLTID HER FOR		
		
DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70		
Kyrkjevegen 1 Alversund	Havnevegen 31 Frekhaug	Elvavegen 1 Dalekvam

	<b>VATNE</b> begravellesbyrå	
Tlf: <b>56 35 09 10</b> (24t)		
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø		
<b>vatne-byra.no</b>		



Babysang i Knarvik kyrkje Foto: Kristin G. Vestbøstad

# Babysong eller småbarnstrall - noko for dei minste i heile Alver

Tekst: Anne Sofie Uthaug

## **Knarvik kyrkje, kyrkjekjellaren**

**Annakvar mandag (partalsveker) kl. 10.30-12.30**

Ta gjerne med matpakke, servering av kaffi, te, kjeks og frukt. Bruk inngangen oppe.

Facebook: Babysang Knarvik kyrkje

## **Frekhaug, Kyrkjetoget, 2. etg over apoteket**

**Kvar torsdag kl. 11.00-13.00**

Ta gjerne med matpakke. Servering av vaflar, frukt, kaffi, te

Facebook: Babysang på Kyrkjetoget

## **Manger, Rasteplassen, Idrettsvegen 1A**

**Kvar torsdag 1100-12.00**

Etter songstunda, leikestund, og servering av kaffi og frukt  
Ta gjerne med matpakke.

Facebook: Babysong i Manger kyrkje



Babysong Manger okt.-25. Foto Helle Leivestad Kartveit

## **Hjelmås kapell**

**Kvar onsdag 10.00-12.00.**

Småbarnstrall 0-5 år. Songstund, leik/lesestund frå barnebibel for dei største. Matpakkelunsj. Servering av kaffi og te

Facebook: Småbarnstrall i Osterfjorden

## **Lindås kyrkjelydssenter i Lindås senter**

**Annakvar torsdag i partalsveker kl. 10.00 - 12.00**

Småbarnstrall frå 0-5 år. Songstund, leik, matpakkelunsj  
Servering av kaffi og te

Facebook: Småbarnstrall på Lindås kyrkjelydssenter

NB: 27.11 på Lindås bu- og omsorgsenter

Arrangementa er som oftast stengt i skuleferiar.  
Alle arrangementa er gratis og utan påmelding!



Babysang på Frekhaug. Foto: Arthur Kleiveland



# Ei julebøn frå biskopen

## Julekort

Av biskop Ragnhild Jepsen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: ”Kjære Jesus”.

Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus.

Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet

frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

*Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)*

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie:

Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om

det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus, det er du som skal kome.*

*Av den tørraste kvist skal von springe fram.*

*Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.*

*Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.*

*Amen.*



Velsignet jul!

Illustrasjon fra Vecteezy.com

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver**

**Vi utfører:**

Bolig og industri • Alarm  
Billadere • Adgangskontroll  
Tele/data-nettverk •  
Automatisering •  
Godkjent for kontroll  
av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no  
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG



**Bygg Team**  
VEST AS



**Alt innan tømrrarfaget!**



## – Slik eg ser det

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**NAMN:** Magne Bjørndal  
**ALDER:** 67  
**SIVILSTAND:** Gift med Synnøve  
**BORN:** To vaksne born  
**JOBB:** Avtroppande seniorprest i Nordhordland prosti

VELKOMEN INN»: Magne Bjørndal bur i Knarvik og er på oppløpssida av si presteneste. To julegudstenester i Alversund markerer slutten på 35 år som prest.

**Han har vore blind heile sitt liv. Han har vore – og er framleis – aktiv i organisasjonslivet. Og ikkje minst – Magne Bjørndal har vore prest i 35 år!**

Ostringen og seniorprest Magne Bjørndal er neste person ut i serien «Presten På Privaten».

– Vi går rett på, kva gjer Magne Bjørndal på fritida?

67-åringen treng berre knapt eit par sekund tenketid før han svarar.

– Eg likar å lesa, både skjønnlitteratur og fagbøker. Historie og geografi opptar meg også.

– Kva bok leste du sist?

– Nett no held eg på med biografien om Werna Gerhardsen:

«Jenta fra Løkka». Ei interessant bok.

– Har du ein hobby du likar?

– Eg har mange ting eg held på med, eller er engasjert i, om du vil. Ein god del handlar om organisasjonsliv. Eg har mellom anna vore aktiv i Blindeforbundet i mange år.

Magne remsar opp diverse engasjement han har vore delaktig i. Det er ikkje få! Eit av dei er i Hordaland fylkeslag av Norges Blindeforbund. Der var han leiar i fem år, heilt fram til i år.

– Nett no er eg med i ei arbeidsgruppe som jobbar med punktskrift og greier. Det er så sært at eg ikkje ein gong vil prøva å forklara for deg, seier han med eit smil om munnen.



KONTORET: Magne har gode hjelpemiddel når han skal førebu gudstenester eller gravferder.

I tillegg er han styremedlem i ei interkommunal samanslutning som heiter Syns- og audiopedagogisk tjeneste (SAPT).

### Trenar hjå naboen

Vi sit i stova til Magne og kona Synnøve i Knarvik. Ho er på jobb, og Magne har sett på kaffetrakteren og serverer nytrekt kaffe og kjeks. Frå stova i det store husværet er det fritt utsyn mot fjorden og langt forbi Nordhordlandsbrua.

– Dette er ein fin stad å bu. Vi er omtrent nærmaste nabo til treningssenteret Studio Nor, der eg er innom av og til.

– Det er sprekt! Kor ofte er du der då?

– I utgangspunktet var målet å trena der tre gonger i veka, men det varierer frå veke til veke. Det gjer godt for kroppen å pressa seg litt innimellom.

### Oppvaksen på Osterøy

Magne Bjørndal er fødd og oppvaksen på garden Litun på Osterøy, men bestefar hans kom frå Bjørndal i Alver, ein liten stad mellom Eikangervåg og Eknes. Difor namnet Bjørndal. Litun er ein gardsplass med Lonevåg som nærmaste tettstad, og Gjerstad var «deira» kyrkje.

– Kvifor ville du bli prest, Magne?

– Ja, det har eg lurt på mange gonger sjølv også. Det var ikkje noko kallsoppleving, eller anna som brått kom over meg. Snarare var det interessa for kristendomsfaget. Det førte til at eg tok grunnfag, som det den gongen heitte, i kristendom ved NLA Høgskolen i Bergen.

Magne har ifølgje seg sjølv eit brokete utdanningsløp, delvis på NLA og delvis ved Menighetsfakultetet i Oslo. Han hadde ikkje tenkt å bli kyrkjelydsprest, kanskje heller prest ved ein institusjon, som til dømes ved eit sjukehus.

– Eg var faktisk inne på tanken om å bli journalist. Men når alt kom til alt, var det prest eg ville bli, og det har eg aldri angra på.

### Vart rikskjendis i Mosjøen

Etter ferdig utdanning vart Magne Bjørndal tilsett som kapellan i Mosjøen i 1991. Der vart han landskjend, fordi

soknerådet var tvilsam til å tilsetje ein blind prest. Magne vart jamvel rikskjendis då radioprogrammet «Hallo i uken» lagde eit nummer av at lokalsamfunnet var i tvil om dei kunne godta ein blind prest.

– Det var ei merkeleg oppleving. Eit mediestyr utan like. Til slutt forsto eg at sympatien var på mi side, og eg sa ja til kapellanstillinga. Eg ville ikkje at motstandarane mot ein blind prest skulle vinna fram med sitt syn!

Magne Bjørndals vidare karriere er kort fortalt som følger: Han var kapellan i Mosjøen på Helgelanskysten frå 1991 til 1997. Derfrå gjekk ferda vidare til Rindal i Trøndelag, der han var prest fram til 2009.

Så kom han heim til sine eigne i Nordhordland og tiltrådte som prest i Austrheim og Fedje same året, altså i 2009. Der var han heilt fram til 2014, då fekk Magne stillinga som seniorprest i Nordhordland prosti.

### – Ei skummel utvikling

Magne avslører at han på mange måtar er hekta på nyhende.

– Eg får nærmast abstinens dersom eg ikkje er oppdatert på nyhende, enten eg får det via radio, lyden frå TV eller å lesa nettaviser på mobilen. No i våre dagar ser vi skumle trekk ved forvrenging av det som blir lagt fram som sanning. Når redaktørstyrte medier får mindre betydning, og ein stolar meir på ein eller annan gjøk som spyr ut eitt eller anna på nettet, då er vi i trøbbel. Det er ei skremmande utvikling, seier 67-åringen.

Den 23. november var det avskilsgudsteneste for Magne Bjørndal i Knarvik kyrkje. Til nyttår trer han inn i pensjonistanes rekkjer.

– Eg har såpass mykje ferie og plusstimar igjen at desember går med til å avvikla det. Men eg har sagt meg villig til å vera prest på dei to gudstenestene i Alversund på julaften.

– Til slutt, har du ei artig historie du kan dela med oss?

Magne smiler og medgir følgjande:

– Det oppstår rett som det er komiske situasjonar når ein er blind. Eg har for eksempel stått og snakka med ein person, som for lengst har gått, og eg har opplevd å snakka til feil person. Men eg har lært meg å leva med slike episodar. Det går ikkje innpå meg, og andre tek det heller ikkje så høgtideleg, seier 67-åringen.

# KULTURKALENDER

## Onsdag 3. desember

**Meland kyrkje kl. 19.00**

Salmekveld/musikkandakt

## Fredag 5. desember

**Ostereidet kyrkje kl. 19.00**

Julekonserten "Håpets stjerne"

Ingrid Grøvan, Arnt Thyve, Andreas Oltedal og familien Løsnesløkken.

Konserten er eit samarbeid mellom musikarar og bistandsorganisasjonen "Star of Hope Norge".

## Søndag 7. desember

**Seim kyrkje kl. 17.00**

Julekonsert med Seim Songkor og Seim musikklag

**Lindås kyrkje kl. 18.00**

Julekonsert med Lindås songlag

**Meland kyrkje kl. 17.00**

Julekonsert med lokale kor og korps

**Alversund kyrkje kl. 19.00**

Alversund Musikklag med sangsolist Mailin Bergås Hatten, kåseri av Inge Alver, A cappella sanggruppa "Tonevrimmel", AML sitt treblåsenensemble. Gratis inngang.

## Onsdag 10. desember

**Ostereidet kyrkje kl. 18.00**

Julekonsert med Ostereidet Soul Kids/Children og Te Deum

## Lørdag 13. desember

**Knarvik kyrkje kl. 17.00**

Vel møtt til utfremføring av

julekantaten "Fredsfyrsten". Tekster:

Siv-Merethe Myhr. Melodi og

arrangement: Rune Hegle. William Kay

dirigerer et eget prosjektkor. Solister:

Malene Skår og Arne Pareli. En gruppe

fra Meland Musikklag deltar også. Jan

Tore Skogen har laget mange små

filmer som skal vises mellom hver sang.

**Myking kyrkje kl. 18.00**

Julekonsert med Bergen Domkor, "A ceremony of carols"

## Søndag 14. desember

**Knarvik kyrkje kl. 17.30 og 20.00**

Julekonsert med Sara Helen og venner. Sara Helen har med seg fullt band med

dyktige songarar og musikarar. Meir info på Facebook. Billettsal i døra. 250 kr for vaksne / 100 kr for barn til og med 12 år. Overskotet går til Kirkens Bymisjon.

**Myking kyrkje kl. 18.00**

Julekonsert med Songkoret Albatross

**Lindås kyrkje**

Julekonsert med Lindås skulekorps

## Torsdag 18. desember

**Knarvik kyrkje kl. 18.00**

Knarvik Skulekorps sin julekonsert.

Dirigent: Viljar Bjørsvik Rath. Gratis inngang.

**Hundvin kyrkje kl. 19.00**

Julekonsert med Skodvin skulemusikk

## Fredag 19. desember

**Knarvik kyrkje kl. 19.30**

"Syng Med til jul". Astrid Aarhus

Byrknes, Leif Hosøy Sleire, "Syng

Med"- koret for personar med

demenssjukdom og pårørende, og

Eikanger-Bjørsvik Musikklag syng jula

inn i Knarvik kyrkje. Velkommen til ein

stemningsfull time med julesongar på

norsk, allsang og fin musikk. Dirigent

Reid Gilje

## Søndag 21. desember

**Meland kyrkje kl. 20.00.**

Julekonsert med Felix Vocalis

## Tysdag 23. desember

**Seim kyrkje kl. 22.00**

Julekonsert med Seim Songkor

## Søndag 28. desember

**Manger kyrkje kl. 16.00**

Denne søndagen innbyr vi til ny

fellessongsamling i Manger kyrkje

under tittelen "Syng romjul saman".

Ta gjerne med rester av julekakene, så

stiller vi med kaffi, te og salmebøker.

William Kay spelar, og vi syng alle dei

julesongane vi har lyst til!

**Meland kyrkje kl. 16.00**

Musikkandakt, lesing frå Lukas 2, 3 og 4.

Musikk av Franz Schubert

## Søndag 4. januar

**Sæbø kyrkje kl. 15.00**

Julefest

## Tysdag 6. januar

**Alversund kyrkje kl. 19.00**

"Draumkvedet" – Konsert og plateslepp

Velkomen til ein stemningsfull konsert

på trettandedagen. Duo'en Linda

Røyseth Sandhåland (kveding) og

Bjørn Schille (8-strengs hybridgitar) vil

framføre "Draumkvedet", det gamle

mellomalderdiktet som fortel om Olav

Åsteson som sovnar på julekvelden og

som ikkje vaknar att før trettandedags

jul.

## Torsdag 15. januar

**Knarvik kyrkje kl. 19.00**

Nyttårskonsert: Meland Musikklag

med dirigent Svein H. Giske og Hedda

Hovemoen som solist på xylofon.

Sjøforsvarets musikkorps med dirigent

Nils Erik Måseidvåg og sopran Caroline

Wettergreen

## Søndag 18. januar

**Knarvik kyrkje kl. 16 og 19.30**

Nyttårskonsert ved Norges Korforbund

Hordaland. Overskotet går til

Matsentralen Vestland.

## Onsdag 28. januar

**Kyrkjetorget på Frekhaug kl. 19.00**

Musikkandakt/salmekveld

## Søndag 8. februar

**Knarvik kyrkje kl. 19.00**

"Dar gjekk Dampen - og her kjem

vi" Framsyning v/ Nordhordland

musikkteater.

## Onsdag 11. februar

**Meland kyrkje kl. 19.00**

Musikkandakt: Rebekka Eikefet, cello,

Magnus Blom, piano

## Onsdag 11. mars

**Meland kyrkje kl. 19.00**

Musikkandakt; koret Te Deum, Trond

Fykse, piano, Solveig Gravem Angelskår,

dirigent

# Alversund kyrkjelydshus

Tekst og foto: Øystein Skauge

I september var det 25 år sidan Alversund kyrkjelydshus vart vigsla. Kyrkjelyden feira dette søndag 28. sept. med ei gudsteneste i kyrkja, og fest etterpå. På festen vart det bore fram takk til ivrige medarbeidarar som gjennom åra har gjort huset til eit svært viktig samlingspunkt for kyrkjelyden og for bygda.



Øystein Valle leia jubileumsfesten.



Kyrkjeringa har gjennom alle åra vore ei drivkraft for Kyrkjelydshuset. Desse fire var mellom dei som stelte i stand jubileumsfesten: Solveig Herstad, Sissel Mo, Anne Margrethe Glatved-Prahl og Wenche Øpstebø.

# Konfirmant-tre

Tekst og foto: Nina Jenny Tresvik Monstad

Konfirmanttreet er lange bjørketregreiner i ei krukke. I treet heng det bjørkeskiver, eller bjørkePERLER. Kvar konfirmant har fått namnet sitt på kvar si bjørkeperle, og viser at kvar og éin er verdifulle for Gud. Q&A-gruppa tok oppdraget med å gjere i stand konfirmanttreet. Nokre skreiv namnet til kvar enkelt konfirmant på bjørkeskivene, mens andre sette i silkeband og gjorde klar «perlene». Til slutt blei alle bjørkeperlene hengt på konfirmanttreet, som står ved orgelet i Knarvik kyrkje. Vintreet og greinene, at me er skapt i Guds bilde, og underfullt laga, er bibeltekstar som underbygger symbola i konfirmanttreet. Konfirmantane, og oss alle, er som verdifulle perler for Gud!



Konfirmantar skreiv namn på «perlene», nokre klypte silkeband og andre knytta knutar.



Siste etappe var å henge perlene på treet.

# Stor interesse for første minnelund

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

Alver har fått sin første namna minnelund. Det er merka opp plass for 190 urner i eit parkområde på kyrkjegarden i Knarvik. Kostnaden for minnelunden vert ca 2,4 mill. kroner.

Minnelunden vart tatt i bruk i oktober, men vert ikkje heilt ferdigstilt før neste år.

- Anlegget kan utan store kostnader utvidast med inntil hundre fleire urner og minnesmerke, fortel kyrkjeverje John Fredrik Wallace i Alver kyrkjelege fellesråd.

## Etterlengta

- Dette er etterlengta. Eg kjenner at her er det godt å vera, sa leiar i Alver kyrkjelege fellesråd, Sølvi Knudsen då ho med snorklypp stod for opninga av minnelunden. Ho er overbevist om at dette blir ein god stad for pårørande både å sørge og minnast.

Eit urnefelt er klargjort med ferdig plen, og ein god del urner er bestilt og er sett ned.

I parkområdet som omkransar minnelunden er det sett ned plantar og nokre tre, og det er montert ein benk.

Så langt er tre minnesmerke festa på bergveggen med plass for namneskilt. I neste runde skal elleve minnesmerke med namneskilt setjast opp i parkområdet etter behov. Området skal også lyssetjast.

## Stor interesse

- Me har lenge merka stor interesse for denne minnelunden, også utanfor Knarvik sokn, seier driftsleiar John Henanger i Alver kyrkjelege fellesråd.

Kyrkjeverje John Fredrik Wallace fortel at det blir jobba med ein minnelund også på Lindås – som han håpar kan



Den namna minnelunden er etterlengta, seier frå venstre soknerådsleiar Hildur Løkken Lillestøl, kyrkjeverje John Fredrik Wallace, fellesrådsleiar Sølvi Knudsen og driftsleiar John Henanger.



Den første namna minnelunden i Alver er opna i Knarvik.

koma innan eitt til halvanna år.

- Det er også konkrete planar om minnelund på Manger. Finansieringa er på plass for anlegget på Lindås, men ikkje for Manger.

Representantar frå fleire gravferdsbyrå var til stades under opninga av den namna minnelunden i Knarvik. Dei gav uttrykk for at dette er eit tilbod som mange har sakna.

- Vi har fått spørsmål om minnelund i mange år. Dette er ein stor dag, seier eigaren i Nordhordland begravningsbyrå, Marit Haukeland.

## Slekters gang

### Knarvik

#### Døypte

24.08.25 Thea Mari Solheim Fyllingen  
21.09.25 Emil Rambjør Hauken  
05.10.25 Taline Dale  
19.10.25 Olivia Almelid  
19.10.25 Oda Løland Leknessund  
19.10.25 Mason Nowak Tugade

#### Døde

26.08.25 Noralf Sundland f. 1945  
(Knarvik sjukeheim kapell)  
07.10.25 Magnhild Møvik f. 1941

### Alversund

#### Døypte

31.08.25 Alma Kalnes  
31.08.25 Matheo Iveland-Hellesøy  
31.08.25 Alva Vangberg  
31.08.25 Sverre Midtgård Gjervik

#### Døde

26.08.25 Tor Svendsen f. 1946  
15.09.25 Aslaug Helgesen f. 1930  
20.09.25 Jon Harald Palmesen f. 1978  
25.09.25 Bergunn Litleskare f. 1944  
30.09.25 Liv Tonning Gausvik f. 1953  
10.10.25 Klara Serenne Hagesæther f. 1928

### Seim

#### Døypte

14.09.25 Johannes Valle Christophersen  
14.09.25 Ada Hegland Forren  
12.10.25 Magnus Johan Kvernøy Henriksbø  
12.10.25 Lars Fossøy Solheim  
12.10.25 Oliver Herland Fjeldstad

#### Døde

17.08.25 Åsta Herland f. 1931

### Lygra

#### Døypte

05.10.25 Sverre Holte Lygren

# Tankestrek

Av Magne Bjørndal

## Min utgang og min inngang

«Gud vare din inngang og din utgang frå no og til evig tid.»

Hundrevis av gonger har eg sagt det, utan alltid å tenkja så nøye over kvar det kom frå eller kva det betyr.

Det er ein fast del av dåpsritualet i Den norske kyrkja, før presten teiknar krossmerket over den som skal døypast. Eit uttrykk for at Gud tek vare på oss, frå start til slutt.

Det er – om enn ikkje ordrett – henta frå ein av dei mest kjende salmane i Det gamle testamentet, Salme 121 vers 8:

«Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til evig tid.»

Gud som tek vare på oss når me kjem inn i livet, og når me går ut av det – ein tanke det er godt å ha med seg. Dåpen som starten på ei reise, ei reise som varer heilt til Gud tek imot den døypte på den himmelske stranda – ja, endå lenger.

Så er det alle ut- og inngangane undervegs i livet. Ut frå vidaregåande skule og inn på studiestaden, ut frå ungkarlivet og inn i samlivet, frå å vera to til å verta tre og fire ...

No står eg ved nok ei dør: utgangen frå yrkeslivet og inngangen til livet som pensjonist.

Det kjennest som ei lette, for det har vore mykje jobb – fleire timar enn eg har notert som arbeidstid. Men framfor alt fyller det meg med glede og takk å sjå tilbake på 34 år som kyrkjelydsprest. Gode menneskemøte og kjensle av å vera verdsett og til nytte. Godt arbeidsfellesskap i staben og blant kollegaer i prostiet. Som blind treng eg tilpassingar innimellom. Takk til dykk som gav meg ein arm når eg var på ville vegar, gravferdsbyråa, som dikterte eller sende sløyfetekstar og la til rette på anna vis, familien, som stadig måtte innretta seg etter det eg hadde på tapeten ...

Og så vonar eg pensjonistlivet vert ein inngang til nye opplevingar, nye vegar til både å nytta og å yta.



## DEN NORSKE KYRKJA

### Kyrkjekontakten: Knarvik kyrkjekontor

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

### Opningstid:

Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

Tlf.: 400 01 691

alle kvardagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø  
post.knarvik@kyrkja.no

www.kyrkja.no/knarvik

### Facebooksider:

Knarvik kyrkje  
Seim kyrkje  
Lygra kyrkje

**Kontonummer:** 3633 67 39882

**Vipps:** Nytt VIPPS-nummer:  
56789 vel «Kyrkjekontakten» i  
menyen.



### Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjevevje:** John Fredrik Wallace  
jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellesrådet:** Sølvi Knudsen

**Soknerådsleiar:**  
Hildur Løkken Lillestøl

### Kyrkjekontakten

**Utgevar:** Knarvik sokn, i  
samarbeid med Meland sokn,  
Osterfjorden sokn, Mo sokn,  
Radøy sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Berit Nøst Dale  
**Lokal redaksjon:** Arthur  
Kleiveland, Håkon Glatved-Prahl,  
Synnøve Bjørndal

**Grafisk design:** Simen Søvik  
**Trykk:** Aksell

**Framsidedeilete:** Visitassøndag  
i Knarvik kyrkje: soknerådsleiar  
Hildur Løkken Lillestøl,  
sokneprest Cathrine Grutle og  
biskop Ragnhild Jepsen. Foto:  
Håkon Glatved-Prahl.



**Helge Taranrød**  
Prost  
ht759@kirken.no



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjevevje  
jw734@kyrkja.no



**Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn**  
Spesialprest · Delvis i permisjon  
td663@kyrkja.no



**Bente Cathrine Sørheim Vetvik**  
Vikar konfirmantmedhjelpar  
bv648@kyrkja.no



**Magne Bjørndal**  
Seniorprest  
mb578@kyrkja.no



**Synnøve Bjørndal**  
Dagleg leiar  
sb876@kyrkja.no



**Kristin Gilje Vestbøstad**  
Kyrkjelydspedagog  
kv479@kyrkja.no



**Cathrine Grutle**  
Sokneprest  
cg836@kirken.no



**Odd Leif Mjøs**  
Kantor  
om623@kyrkja.no



**Nina Jenny Tresvik Monstad**  
Kateket  
nm853@kyrkja.no



**Bjørn Furukawa**  
Kyrkjeteinar  
bf982@kyrkja.no



# GUDSTENESTEKALENDER

## Knarvik

### 30. november

1. søndag i adventstida  
Kl. 19 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Kveldsgudsteneste.  
Nattverd.

### 7. desember

2. søndag i adventstida  
Kl. 11 v/ Helge Taranrød.  
Nattverd.  
Søndagsskule.

### 24. desember

Julaftan  
Kl. 14.30 v/ Cathrine Grutle.

### 25. desember

Juledag  
Kl. 12 v/ Helge Taranrød. Dåp.  
Nattverd.

### 31. desember

Nyårsaftan  
Kl. 16 v/ Cathrine Grutle.  
Nattverd.

### 11. januar

2. s. i openberringstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd. Søndagsskule.

### 18. januar

3. s. i openberringstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle.  
Familiegudsteneste. Dåp.

### 25. januar

4. s. i openberringstida  
Kl. 19. Kveldsgudsteneste.  
Bønevandring og nattverd.

### 1. februar

Såmannssøndag  
Kl. 11. Dåp. Nattverd.  
Søndagsskule.

### 8. februar

Kristi forklaringsdag  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle.  
Nattverd.

### 15. februar

Fastelavnssøndag  
Kl. 11 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Familiegudsteneste. Dåp.

### 22. februar

1. s. i fastetida  
Kl. 19 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Kveldsgudsteneste.  
Bønevandring og nattverd.

### 1. mars

2. s. i fastetida  
Kl. 11. Dåp. Nattverd.  
Søndagsskule.

### 8. mars

3. s. i fastetida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle.  
Misjonsgudsteneste.  
Nattverd.

### 15. mars

4. s. i fastetida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd.

### 22. mars

Maria bodskapsdag  
Kl. 19 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Kveldsgudsteneste.  
Bønevandring og nattverd.

### 29. mars

Palmesøndag  
Kl. 11 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Familiegudsteneste. Dåp.

### 5. april

Påskedag  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd. Søndagsskule.

## Lygra

### 2. desember

Tysdag  
Kl. 19: Songkveld. Alversund  
kammerkor.

### 24. desember

Julaftan  
Kl. 14.00 v/ Øystein Skauge.

## Alversund

### 30. november

1. søndag i adventstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle.  
Gudsteneste. Dåp.

### 24. desember

Julaftan  
Kl. 14.30 og 16.00 v/ Magne  
Bjørndal.

### 22. februar

1. s. i fastetida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle.  
Dåp.

### 2. april

Skjærtorsdag  
Kl. 19 v/ Cathrine Grutle.  
Kveldsgudsteneste.  
Nattverd.

## Seim

### 7. desember

2. søndag i adventstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.

### 14. desember

3. søndag i adventstida  
Kl. 11 v/ Øystein Skauge.  
Vestre Vassbygd Grendahus.

### 24. desember

Julaftan  
Kl. 16.00 v/ Øystein Skauge.

### 25. januar

4. s. i openberringstida  
Kl. 11. Dåp.

### 3. april

Langfredag  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle.

### Kvardagsgudstenester i Alversund kyrkjelydshus

Måndagar kl. 14. Kyrkjekaffi.  
8. desember v/ Idar Simonsen  
12. januar v/ Knut Fredrik Sørheim  
9. februar v/ Børge Ryland  
9. mars v/ Idar Simonsen  
13. april v/ Øystein Skauge  
11. mai v/ Magne Bjørndal